

# Årsrapport frå sals- og skjenkekontrollen for 2022

## Alkohol

I 2022 vart det gjennomført 949 kontrollar totalt av sals- og skjenkekontrollen ( 847 i 2021 ). Det var registrert 292 faste løyver (274 løyver i 2021).

Sals- og skjenkekontrollen har komme i mål med det talet kontrollar som skal gjennomførast i kvar kommune. Ein oversikt over alle kontrollane vert sendt til kvar einskild kommune.

2022 starta med nasjonal skjenkestopp og restriksjonar delvis ut januar.

Resten av 2022 har vore tilbake til eit «normal» år. Vårt inntrykk er at det jamt over er mindre gjester ved skjenkestadane enn før pandemien.

Me har hatt få brot med tilleggsrapportar i 2022. Det har vore ein trend med færre brot dei siste åra, også før pandemien.

Skjenkestadane har generelt betre haldningar til det å driva innanfor lovverket og løyvehavarane spør meir om råd og veiledning ved kontrollane.

Me ynskjer å gjere løyvehavarane i stand til å utøve løyvet på ein rett og forsvarleg måte, noko me kjenner at dei også er interesserte i. Samstundes er me tydlige på at eit brot vil verta rapportert.

Kontroll med IK alkohol har vore fråverande under pandemien, grunna smittevern hensyn.

Kontrollane i 2022 har kartlagt at IK alkohol / opplæringsplanar er mangelfull eller fråverande hjå halvparten av skjenkeløvyva. På salsløyva har nesten alle løyvehavarane oppdatert IK alkohol / opplæringsplanar.

Ein god IK alkohol / opplæringsplan er nøkkelen til ei god og forsvarleg drift. Me har ved kontrollane i 2022 gjeve rettleiing og hjelpt løyvehavarane med å få dette på plass. Me er ikkje i mål og fortsett dette arbeidet i 2023.

Det er gjeve muntlege pålegg/ rettleiing ved mindre brot t.d. ved reklame, feil eller manglar på prislister og manglande alkoholfrie alternativ. Dette har gjeve gode resultat og feilane er retta opp ved neste kontroll.

## Tobakk

Sals og skjenkekontrollen har gjennomført 244 kontrollar av tobakksal, som betyr at me nådde målet som er sett for tobakskontrollen. Det var registrert 104 plassar som sel tobakk.

Det har ikkje vore skrivne nokon tilleggsrapportar på tobakk i 2022, men gjeve rettleiing ved manglar på IK tobakk.

## Generelt

Me har følgjande bemanning i 2022:

- 1 55% stilling som leiar
- 1 45% stilling som kontrollør
- 4 15% stillingar som kontrollør.
- 

Det har i 2022 vore gjennomført 2 samrådingmøter med kommunane, i mars og november. Desse møtene meiner me er viktige for å utveksla utfordringar og erfaringar.

Samrådingmøta ynskjer me å videreføra også i 2023.

Me er veldig nøgd med det samarbeidet som er i sals- og skjenkekontrollen. Kommunikasjonen mellom oss og kommunane har fungert svært bra, og me er nøgd med den informasjonen me får i høve løyvene.

Me vil takke for den tilliten me får i oppdraget vårt.

Me takkar for det gode samarbeidet, og gler oss til vidare samarbeid i 2023.

Med vennleg helsing

**Nils Anders Bolstad**

Avdeling alkohol og servering/ sals- og skjenkekontrollen